

HST- 81/2016 Vedtak:

Heradsstyret støtter forslaget til ny kommunelov. Innholdet vert sett på som ei klar styrking av kommunesektoren og særleg det lokale folkevalde nivået og resten av kommunen som eit suverent rettsobjekt i høve til staten.

Heradsstyret har følgjande tilleggsmerknader:

Lovfesting av det kommunale sjølvstyret:

Heradsstyret ser det som positivt at det kommunale sjølvstyret vert lovfesta, dette vil i seg sjølv gje eit viktig bidrag til eit sterkare lokalt folkestyre.

Spesielt positivt er styrkinga av det lokale sjølvstyre gjennom :

- At staten føreslår å lovfesta det kommunale sjølvstyre
- At kommunane no tydeleg vert definert som eige rettssubjekt og ikkje underlagt staten sin hierarkiske organisasjon
- At kommunane fattar vedtak på eige initiativ og ansvar, og at avgrensingar i det kommunale sjølvstyre ikkje kan gjerast av staten (eller andre) utan at det er lovfesta rett til det.
- At overordna prinsipp for nasjonale mynde sitt forhold til kommunane vert lovfesta
- At statleg initiert lovlegkontroll med kommunen krev særlege grunnar som skal grunngevast.
- At kommunen sin posisjon ved klage på pålegg gitt etter statlege tilsyn, vert gjort meir reell og at statlege tilsyn skal samordnast av fylkesmannen

Ordninga med innbyggjarforslag:

Heradsstyret ser på sjølve ordninga som positiv for det lokale sjølvstyre. Men det auka kravet til tal underskrifter ved innbyggjarforslag i § 12 frå 2% til 8 er ei uforholdsmessig stor auke. Ei auke som kan svekke det lokale sjølvstyre spesielt i mindre lokalsamfunn.

Skjerpa krav til kjønnsbalanse:

Heradsstyret støtter prinsippet om kjønnsbalanse. Men det absolute kravet i § 7. 6 om at folkevalde utval samla og uavkorta skal ta ansvar for minimums kjønnsmessig balanse (40 %) vil komplisera samansettinga av utvala og kan medføra urimelege krav slik at ynskt politisk representasjon frå ein fleirtalskonstellasjon ikkje kan veljast sjølv om denne i seg sjølv oppfyller kjønnsfordelingskravet.

Politiske møter:

Heradsstyret støtter forslaget om å lukka politiske møte når det skal gjevast innleiande opplæring i sak. Opplæring i kompliserte saker i lukka møte gjev folkevalde moglegheit til å stille spørsmål og innhenta informasjon, utan å måtta tilkjennege eit politisk standpunkt.

Fylkesmannen sin reelle mynde til å koordinera statlege tilsyn:

Heradsstyret støtter forslaget om at fylkesmannen bør gjevast avgjerdsmynde til å koordinere statlege tilsyn. Dersom omfanget av den samla tilsynsverksemda vert for stor, kan dette føra til at tenesteutviklinga stoppar opp. Etter vurderinga vår vil foreslått ordning kunne bidra til mindre belastning og meir effektiv gjennomføring av statlege tilsyn.

Ordførar sin posisjon:

Heradsstyret støtter forslaget som styrkjer og tydeleggjer ordførar sin posisjon, m.a. ved å gje ordførar forslagsrett i folkevalde organ som han / ho ikkje er medlem av. Det vert sett på som eit pluss at lova opnar for å styrka den politiske leiinga i kommunen